

SENTRALBORD:

53 48 21 30

REDAKSJONEN:

53 48 21 45

VAKTTELEFON:

53 48 21 31

ANNONSER:

53 48 21 35**25.06.2018**

Valutakursar:
 Dollar: 8,09 kroner.
 Euro 9,4 kroner.
 Britiske pund 10,7 kr
 Baht 24,32 kroner

LME-pris aluminium:
 2.179,5 dollar per tonn.

**VÊRET**

Vi er nesten redder for å skriva det, i fare for å «jinx» det, som ungdommene seier. Men Yr.no spår svært så lovande sommarvêr dei neste dagane fram mot helga og Festidalen. Temperaturen ser ut til å bli rundt 18-19 grader både i dag, onsdag, torsdag og fredag. Det skal bli sol, og viktigast av alt – null regn!

SOL & MÅNE

26. juni: Sola opp kl. 4.16, i sør kl. 13.40, ned kl. 23.03. Dagen har minka 2 min. frå sommarsolsnu. Månen ned kl. 3.45, opp kl. 21.02.
 27. juni: Sola opp kl. 4.17, i sør kl. 13.40, ned kl. 23.03. Dagen har minka 3 min. frå sommarsolsnu. Månen i sør kl. 0.41, ned kl. 4.14, opp kl. 22.04.
 28. juni: Sola opp kl. 4.18, i sør kl. 13.40, ned kl. 23.03. Dagen har minka 4 min. frå sommarsolsnu. Månen i sør kl. 1.29, ned kl. 4.53, opp kl. 22.55.

FLO OG FJØRE

	26. juni:	28. juni:	
Fjøre	4.37	Fjøre	6.00
Flo	10.58	Flo	12.18
Fjøre	16.56	Fjøre	18.12
Flo	23.21		
		27. juni:	
Fjøre		5.20	
Flo		11.40	
Fjøre		17.36	
Flo		23.58	



KNALL: Vamp leverte varene i Riddersalen søndag ettermiddag, og varta opp med både gamle klassikarar og nyare låtar.

Vamp i storform

Vamp kan kunsten å veksle mellom mjukt og hardt, råtøft og rørande i løpet av ein og same konsert.

MONA GRØNNINGEN
 mona@kvinnheringen.no

Laurdag og søndag spelte Vamp to utselde konserter i Riddersalen til Baroniet Rosendal, der publikum verkeleg fekk valuta for pengane. Kvinnheringen var innom på søndag, og underteikna fekk stadfesta mistanken: Vamp består av ein gjeng eineståande musikarar med stort spekter som leverer knakande flotte konsertopplevelingar gong etter gong.

Konserten fekk ein pangstart med dei to fengande låtane «Amalia» og «Eimert i puss», før stemninga blei var og vakker med «Støypt i rav» og «Det roliga regnet».

– Kvar gong vi er i Rosendal, så regnar det. Men i fjor spelte vi inn video i baronihagen til «Det roliga regnet» med tekst av Lars Saabye Christensen,

og då passa det godt, fortalte Øyvind Staveland til publikum.

Kontrastane heldt fram utover konserten, med både gamle klas-

sikarar som «Et uansvarlig dikt», «13 humler», «Kim du nå va», og «Tir n'a Noir» og nyare låtar frå dei siste platene. Vamp har også

to svært kontrastfylte vokalistar i Jan Toft og Odin Staveland, som veksla på å synga. For mange er det Toft som er den «originale» Vamp-vokalisten. Han sa ikkje mykje til publikum, men showa med til tider eksentriske kropps-rørsler og skikkeleg innleiving. Staveland på si side gjorde heller ikkje skam på Vamp. Han og dei andre i bandet serverte ein av låtane Stavelad er mest kjent for å syngja, «Liten fuggel», som ein av dei siste låtane på konserten. Heilt til slutt forlét bandet instrumenta sine, og varta opp med «Onkel» i a capella-versjon. Dette var rett og slett ei vitamin-innsprøyting på ein noko kjøleg sommardag!